



Aurland kommune

-det naturlege valet

Høyringsbrev

Lokale forskrifter etter ny opplæringslov 01. august 2024

Høyringsutkast for lokale forskrifter i Aurland kommune.

Høyringsfrist er sett til 5. juni 2024. Høyringsinnspel som kjem etter det vil ikkje verta vurdert. Saka skal til politisk handsaming og fristane er korte.

Alle høyringsinnspel skal sendast til via skjema – [Høyringsinnspel skjema](#)

Kommunar og fylkeskommunar pliktar å sørgja for høyring, vedtak og offentleggjering av eigne lokale forskrifter i samsvar med ny opplæringslov som trer i kraft 01.august 2024.

Den nye opplæringslova inneheld fleire område der kommunar og fylkeskommunar **skal** gje forskrifter, i tillegg til område der dei **kan** gje forskrifter.

Vedlagt følgjer 5 høyringsutkast.

1. Lokal forskrift om permisjon frå opplæringa i Aurland kommune
2. Lokal forskrift om skulefritidsordning i Aurland kommune
3. Lokal forskrift om skulereglar og skuledemokrati for grunnskulen i Aurland kommune
4. Lokal forskrift om hovudmål ved grunnskulen i Aurland kommune
5. Lokal forskrift om skuleruta 2024/2025, Aurland kommune

Alle 5 forskrifter skal kunngjerast på Lovdata. Frist for å kunngjera dei nye forskriftene som kommunane skal laga, er 01.august 2024. Før kunngjering må dei vera høyrde og vedtekne i Aurland kommune. I første omgang kjem no høyring av dei 3 første forskriftene.

[Fullstendig høyringsbrev med høyringar ligg på heimesida til Aurland kommune.](#)

Helsing Eyvind Eidhammer

Kommunlaleiar oppvekst.